



Søre Neset FFO & AKADEMI 2023-2024

Påmelding til Søre Neset IL si Fotball Fritidsordning (FFO & AKADEMI) med tilbud til gutar og jenter i 2. - 8. klasse etter skuletid måndag – fredag er no open.

- SNIL FFO for 2. - 5.klasse: måndag til og med fredag
- SNIL AKADEMI for 5. - 7.klasse: måndag – onsdag – fredag
- SNIL AKADEMI for 8.klasse: måndag

Med forbehold om nok påmeldte kvar dag på alle grupper

For å få vera med jevnaldrande og få flyt i gruppene anbefaler vi at nye **2. klassingar melder seg på i denne prioriteringsrekkefølga; måndag – onsdag – fredag – tysdag/torsdag** (begrensa antall ledige plassar). På SNIL FFO & AKADEMI vil det vere både mannlege og kvinnelege tilsette.

Det er løypande påmelding, men vi anbefaler å gjere det snarast, då det er begrensa kapasitet enkelte dagar. **For dei som har born som allereie går på SNIL FFO/Akademi, er fristen innan 1. juni for evt. endringar. Dersom ein ikkje ønsker å forandre noko, så treng ein ikkje gjere noko.**

Agenda

Kl. 13:00 - 14:00

Kl. 13:30 - 14:25

Kl. 14:30 - 16:00

Kl. 16:00 - 16:30

Aktivitet

Leksehjelp / frileik inne & ute eventuelt henting på Lunde Skule

Lunsj inne; brødmatt m/sunt pålegg + juice (eple/appelsin)*

Fotball-aktivitetar ute på banen med frukt (FFO og AKADEMI)**

Foreldre henter barna, eventuelt barna går heim

*Dagens agenda, med fotball teori og tema

**Dei yngste borna kan av og til få velge mellom kamp eller frileik den siste halvtimen/kvarteret (frå kl. 15:30/15.45-16:00)

HOVEDFOKUS:

- Trivsel
- Fair play
- Venner

FOTBALLDELEN:

- Offensiv/defensiv fokus
 - kva gjer ein/laget når ein har/mister ballen?
- soner og korridorar
 - borna får ein felles forståing av rom og tid
- borna vil også lære å ha fokus på detaljer;
 - kroppsposisjonering; kva retning skal vi?
 - bli komfortable med ball i beina, både høgre og venstre fot
 - betre å kommunisere, skanne/orientere/søke
 - i tillegg har vi eige styrke, balanse – og hurtighets økter (disse er òg innendørs i klubbhuset på Halhjem)

→

Priser

Pris pr måned inkl. fakturerings gebyr (kr)

1 dag pr veke (2.-8.klasse)	945 (745 for 7.-8.klasse)
2 dagar pr veke (2.-7.klasse)	1445 (1200 for 7.klasse)
3 dagar pr veke (2.-7.klasse)	1900 (1650 for 7.klasse)
4 dagar pr veke (kun for 2.-5.klasse)	2250
5 dagar pr veke (kun for 2.-5.klasse)	2550

- Prisane inkluderer 2 måltid pr dag (sunn og god lunsj før trening + frukt under/etter trening). Det blir òg bonusveker med varme måltid og mange gøyale konkurransar og leikar.
- I tillegg til fotballøktar, vil det òg bli styrketrening (med eiga kroppsvekt), balansetrening, hurtighetstrening, samt individuell oppfølging av kvar AKADEMI-spelar
- Vi følger Bjørnafjorden Kommune si skulerute for 2023/2024
- Frå 13.00-16.30 alle dagar.
- Henting på Lunde barneskole kr 125 pr måned (150 kr for 3-5 dagar). Hugs å gje beskjed dersom bornet ikkje treng henting. Merk: 8.klasse på Nore Neset eller Os Ungdomskule tek ordinær skulebuss til Halhjem.
- **Send mail med namn på born og føresette, fødselsdato (berre 6 siffer), klasse, skule, e-post, mobiltelefon, antall dagar (inkl. henting Lunde) og evt. spesielle behov/allergiar.**
- Det er bindande påmelding og 2. månader oppseiingstid frå den 1. i kvar måned.

Minner igjen om for nye 2.klassingar er dette prioriteringsrekkefølge med tanke på flyt i gruppene: måndag – onsdag - fredag – tysdag/torsdag. Hugs at det kan bli fullt på enkelte dagar, så meld på snarast.

Stadfesting for påmeldinga kjem fortløpande.

For ytterlegare informasjon eller påmelding, send mail til ffo@snil.no

Sportsleg helsing

Frank Haugland
FFO-Ansvarleg
Søre Neset IL
Mobil: 90 85 53 54
E-mail: ffo@snil.no
www.snil.no

